



DNB Eiendom Knarvik v/ Svein Thorsheim  
PB 85  
5902 ISDALSTØ

Unnateke off.  
§ 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1.  
ledd nr. 1

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1150 - 18/17372

Saksbehandlar:  
Kjartan Nyhammer  
kjartan.nyhammer@lindas.kommune.no

Dato:  
31.05.2018

## Svar på søknad om konsesjon for kjøp av gbnr 199/1 Haukås

**Administrativt vedtak. Saknr: 278/18**

### Vedtak

**Lindås kommune gjev Kenneth Steinmüller og Unni Carina Leknessund konsesjon for kjøp av gbnr 199/1 Haukås i Lindås kommune. Vedtaket har heimel i §§1 og 9 i konsesjonslova.**

### Saksutgreiing

#### Dokument i saka

- Søknad om konsesjon, signert 24.mars 2018
- Kopi av kjøpekontrakt, signert 16.mars 2018
- Kopi av skøyte, signert 24.mars 2018

#### Saka gjeld

Kenneth Steinmüller og Unni Carina Leknessund søker konsesjon for kjøp av landbrukseigedomen gbnr 199/1 Haukås. Dei ynskjer å busette seg på garden og ruste opp bygningsmassen og innmarka. Vidare ynskjer ekteparet å starte med husdyrhald, skjøtte skogen og på sikt ta ut tømmer.

#### Landbrukseigedomen gbnr 199/1 Haukås

Ifølgje Nibio sitt gardskart er eigedomen på totalt 193,7 dekar. Av dette er 18 dekar full- og overflatedyrka jord og 6,3 dekar innmarksbeite. 156 dekar skogsmark på høg bonitet. 3,1 dekar uproduktiv skog. 4,3 dekar myrjord, 2,3 dekar jorddekt fastmark og 2,7 dekar bygg/tun/veg/vatn. Det vert opplyst i søknaden at det er



våningshus av middels kvalitet og ein driftsbygning av dårleg kvalitet på garden. Vidare er det to mindre hus på 6 og 8 m<sup>2</sup> av god og middels kvalitet.

## **Loeverk**

Då egedomen er over 100 dekar er den konsesjonpliktig. Då egedomen er ein landbrukseigedom og formålet med kjøpet er landbruksdrift skal saka behandlast etter §9 i konsesjonslova i tillegg til §1.

## **Vurdering**

Ved avgjersle av søknad om konsesjon for kjøp av eiendom som skal nyttas til landbruksformål skal det etter § 9 i konsesjonslova leggjast særleg vekt på:

- Om kjøpar sitt formål vil ivareta omsynet til busetting i området
- Om kjøpet inneber ei driftsmessig god løysing
- Om kjøparen er skikka til å drive egedomen
- Om kjøpet ivaretar omsynet til heilhetlig ressursforvaltning og kulturlandskapet

### Omsynet til busetting i området

Søklarane ynskjer å busetta seg på egedomen og styrkar dermed busettinga i området.

### Driftsmessig løysing

Søklarane ynskjer å drive innmarka og skogen sjølv. Vidare ynskjer søklarane å sette istand bygningsmassen og sikre kulturminner på garden. Såleis er dette ei driftsmessig god løysing.

### Skikka til å drive egedomen

Søklarane har stor interesse for hestehald, bygningsvern og vidare flink til å søkje meir kunnskap for å kunne drifte jorda også. Såleis vil landbruksinteressene verte godt ivareteke.

### Heilhetlig ressursforvaltning og kulturlandskapet

Søklarane er oppteken av å ta vare på kulturlandskapet og dei kulturminner ein finn der som t.d. steingardane. Vidare vil søklarane sette istand bygningane. Bygningane er ein sentral del av kulturlandskapet. Såleis vert ressursar og landskap godt ivareteke i denne saka.

Då egedomen er bebygd og har mindre enn 35 dekar full- og overflatedyrka jord så er den ikkje underlagt priskontroll jfr konsesjonslova §9a.

Konklusjon :

Kenneth Steinmüller og Unni Carina Leknessund får konsesjon for kjøp av landbrukseigedom gbnr 199/1 Haukås.

Med helsing

Kjartan Nyhammar  
landbrukssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Kenneth Mads Steinmüller	Isdalstøbakken 90	5916	ISDALSTØ
Unni Carina Leknesund	Isdalstøbakken 90	5916	ISDALSTØ

**Mottakarar:**

DNB Eiendom Knarvik v/ Svein Thorsheim	PB 85	5902	ISDALSTØ
--	-------	------	----------